

SAKSFRAMLEGG



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
18.5.2012	2012/3555	Morten Larsen

Saksnr	Utval	Møtedato
11/201 2	Samarbeids- og arbeidsmiljøutvalet i tannhelsesektoren	24.5.2012

UTKAST TIL "PLAN FOR KOMPETANSEUTVIKLING I TANNHELSETENESTA – STRATEGI, MÅL OG RAMMER 2012-2013"

SAMU-T behandla i møte 28.3.12, sak 4/12, eit diskusjonsgrunnlag for mål og retningslinjer knytt til kompetanseutvikling i tannhelsetenesta. Fylkestannlegen har eit ønske om auka fokus på kompetansestyring til erstatning for dagens ordning, der kompetanseutvikling i stor grad er knytt til den enkelte medarbeidar sine ønske og behov. Kompetanseutvikling må bli eit prioritert tema i kommunikasjonen mellom leiari og medarbeidar gjennom årleg medarbeidar-/ utviklingssamtale. Medarbeidarane sine ønskje, leiaren/verksemda sine identifiserte kompetansebehov og det som medarbeidaren og leiaren blir samde om gjennom samtalen, bør vere premissgivande for deltaking på og finansiering av kompetansetiltak. Mange tilsette deltek på ulike kurs, konferansar og andre kompetansetiltak, men vi manglar eit system for å kvalitetssikre at denne kunnskapen blir overført internt.

I møtet var medlemmene i det store og heile einige om innretning i diskusjonsgrunnlaget, men fleire medlemmer såg behov for fleire presiseringar og enkelte tillegg som gjeld retningslinjer og vilkår for individuelle kompetansetiltak.

Vedlagt ligg eit revidert forslag i form av "Plan for kompetanseutvikling i tannhelsetenesta – strategi, mål og rammer 2012-2013".

Planforslaget er basert på prinsipp og tankegodt frå den nye arbeidgivarpolitikken. To viktige element som er beholdt frå dagens "kompetanseregime" i tannhelsetenesta er opplæringsplan på distriktsnivå og kompetansestipend. Men no skal avgjerd om tildeling av stipend vere basert på at kompetansebehovet er nedfelt i opplæringsplana og at dei tilsette har registrert kompetansen i Visma og at kompetanseutvikling er tema i medarbeidar-/utviklingssamtalen.

Planforlaget blir med dette lagt fram for SAMU-T til vurdering.

Anthony N. Valen
Fylkestannlege

Morten Larsen
Kontorsjef